

## Klovn på einhjuling-testen

I ein studie av ekte mjuke trafikantar la bare ein av fire mobilbrukarar merke til at ein klovn i full mundur kom syklande gjennom trafikken på einhjulssykkelen.

**PUBLISERT 8. mai 2012**

---

Derimot blei kloven sett av annankvar person som spaserte for seg sjølv utan å prata i mobil. Også dei som høyrt på musikkspelaren sin eller gjekk saman med andre, klarte seg godt.

Studien blei utført på alminnelege uanande personar i trafikken, og viste at det ikkje bare var synet for syklande klovnar som blei kraftig redusert, mobilbrukarane hadde jamvel problem med å gjera noko så enkelt som det å gå. Dei bevegde seg seinare enn andre, og endra oftare retning eller virra rundt.

Det å vera i eit kjent miljø førte ikkje til betre merksemd hos mobilsnakkarane, fortel hovudforfattar Ira E. Hyman Jr. ved Western Washington University til Science Daily.

*Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 49, nummer 5, 2012, side*